

Eigenfråsegn om konsesjonsfridom i kommunar med nedsett konsesjonsgrense

Fastsett i medhald av forskrift 8. desember 2003 gitt i medhald av konsesjonslova av 28. november 2003 nr. 98 § 8

1. Meldinga skal leverast til kommunen der eigedomen ligg.
2. Kommunen kontrollerer at skjemaet er rett utfyllt.
3. Eitt skjema for kvar ny eigar.

1. Namnet på tileignaren/kjøparen (ny eigar)

Slektsnamn, for- og mellomnamn

Fødselsnr. (11 siffer)

Organisasjonsnr. (9 siffer) - berre for firmaer

Adresse

Postnr.

Poststad

E-postadresse

Telefonnummer

2. Eigedomen som tileiginga/kjøpet gjeld

Gnr.

Bnr.

Festenr.

Snr.

Andelsnr.

Eigardel

Kommune

FRÅSEGN FRÅ TILEIGNAR/KJØPAR (NY EIGAR) OM KONSESJONSFRIDOM

KONSESJONSFRIDOM PÅ GRUNN AV SLEKTSKAP/EKTESKAP/SVOGERSKAP/USKIFTE

3. Eg er i familie med overdragar/seljar/arvlatar på denne måten: (kryss av eller fyll ut det som passar)

Eg har teke over eigedomen frå ektefelle, partner eller sambuar (sjå rettleiinga [punkt 3 om sambuarar](#)), eventuelt som arv eller i uskifte

Eg er i slekt med eller i svogerskap med overdragar/seljar/arvlatar på denne måten:
Eg er overdragaren sin: (fyll ut – eks. "son")

Eg er klar over at det er eit vilkår for konsesjonsfridommen på grunn av slektskap/svogerskap/ekteskap at overdragar/seljar/arvlatar har hatt tinglyst heimel til eigedomen dei siste 5 åra før overdraginga

Om konsesjonsfridommen for nær familie er sett ut av kraft (sjå [rettleiinga](#)) må du fyller ut punkt 4

KONSESJONSFRIDOM FORDI EIGEDOMEN SKAL NYTTAST SOM HEILÅRSBUSTAD, ELLER EIGEDOMEN IKKJE ER OMFATTA AV FORSKRIFT ETTER § 7

4. Kommunen har forskrift som set konsesjonsfridommen ut av kraft for:

(Kva slags forskrift kommunen har, får du opplyst om du vender deg til kommunen, eller via [kommuneoversikta](#))

A Bebygd eigedom som er eller har vore i bruk som heilårsbustad, jf. § 7 første ledd nr. 1

Tileigninga/kjøpet er konsesjonsfritt fordi: (kryss av for eitt alternativ)

1 Eg stadfestar at eigedomen skal brukast som heilårsbustad

2 Eigedomen verken er eller har vore i bruk som heilårsbustad og er ikkje omfatta av forskrifta. Eigedomen er ikkje større enn 100 dekar totalt og har ikkje meir enn 35 dekar fulldyrka og/eller overflatedyrka jord

B Eigedom med bygning(ar) som ikkje er teken i bruk som heilårsbustad, inkludert eigedom med bygning(ar) under oppføring i område som i reguleringsplan er regulert til bustadformål, jf. § 7 første ledd nr. 2

Tileigninga/kjøpet er konsesjonsfritt fordi: (kryss av for eitt alternativ)

1 Eg stadfestar at eigedomen skal brukast som heilårsbustad

2 Eigedomen ligg ikkje i område som er regulert til bustadformål, og er ikkje omfatta av forskrifta. Eigedomen er ikkje større enn 100 dekar totalt og har ikkje meir enn 35 dekar fulldyrka og/eller overflatedyrka jord

(punkt 4 held fram på neste side)

Med sikte på å redusere oppgaveplikta for næringslivet, kan opplysningar som blir gjevne i dette skjemaet, heilt eller delvis bli nytta av andre offentlege organ som har heimel til å henta inn dei same opplysningane, jf lov om Oppgåverregisteret §§ 5 og 6. Opplysningar om eventuell samordning kan ein få ved å venda seg til Oppgåverregisteret på telefon 75 00 75 00.

C Ubebygd tomt som er regulert til bustadformål, jf. § 7 første ledd nr. 3 Tileigninga/kjøpet er konsesjonsfritt fordi: (kryss av for eitt alternativ)	
<input type="checkbox"/>	1 Eg stadfestar at eg skal oppføre bustad på eigedomen, og at han skal nyttast som heilårsbustad
<input type="checkbox"/>	2 Tomta ligg ikkje i område som er regulert til bustadformål, og er ikkje omfatta av forskrifta (fyll ut punkt 5)

Du må fyller ut punkta 5 A–C så langt det passar, om kommunen ikkje har forskrift som set konsesjonsfridommen for ubebygde tomter ut av kraft, eller om tomta du skal overta ikkje er omfatta av slik forskrift, da den ikkje ligg i område regulert til bustadformål

5. Konsesjonsfridom for tomter etter dei alminnelege reglane i lova. Tileigninga/kjøpet gjeld:	
A Ubebygd tomt til bustad, fritidshus eller naust (sjå rettleiinga), jf § 4 første ledd nr. 1	
<input type="checkbox"/>	1 Tomta er ikkje større enn 2 dekar og er godkjend frådelt etter plan- og bygningslova og jordlova, eller ikkje trenger slik godkjenning etter jordlova
B Ubebygd tomt til bustad- eller fritidsformål i område utlagt til bebyggelse og anlegg, jf. § 4 første ledd nr. 2	
<input type="checkbox"/>	1 Tomta ligg i område som i arealdelen av kommuneplanen eller i reguleringsplan er lagt ut til bebyggelse og anlegg. Tomteinndeling er gjort eller godkjend av bygningsmyndighetene.
C Andre ubebygde areal jf. § 4 første ledd nr. 3 (areal som ikkje fell inn under punkt 5 A eller B)	
<input type="checkbox"/>	1 Arealet ligg i område som i reguleringsplan er regulert til anna enn LNFR-område, eller som i arealdelen av kommuneplanen er lagt ut til bebyggelse og anlegg
<input type="checkbox"/>	2 Eg er klar over at eit vilkår for konsesjonsfridommen er at eg ikkje gjer bruksendring i strid med plan

SIGNATUR

6. Tileignar/kjøpar (ny eigar) sin signatur og kjennskap til straffeansvar (må signerast personleg av den nye eigaren)	
Eg er kjend med at det etter straffelova § 365 er straffbart å gi uriktig eigenfråsegn	
Dato	Underskrifta til tileignar/kjøpar (ny eigar)
Dato	Underskrift frå verja (for umyndige må verja også underskrive)

KOMMUNEN STADFESTAR

7. Kommunen stadfestar for det enkelte punkt:		
<input type="checkbox"/>	Punkt 3 - Overdragaren har hatt tinglyst heimel til eigedomen i minst fem år	
<input type="checkbox"/>	Punkt 4 A nr. 2 - Eigedomen har ikkje vært nytta som heilårsbustad, og er ikkje større enn 100 dekar totalt og har ikkje meir enn 35 dekar fulldyrka og/eller overflatedyrka jord	
<input type="checkbox"/>	Punkt 4 B nr. 2 - Eigedomen ligg ikkje i område som er regulert til bustadformål, og er ikkje større enn 100 dekar totalt og har ikkje meir enn 35 dekar fulldyrka og/eller overflatedyrka jord	
<input type="checkbox"/>	Punkt 4 C nr. 2 - Tomta ligg ikkje i område som er regulert til bustadformål	
<input type="checkbox"/>	Punkt 5 A og B - Tileigninga/kjøpet gjeld tomt(er) til bustad- og fritidshus som nemnde i § 4 nr. 1 og 2	
<input type="checkbox"/>	Punkt 5 C nr. 1 - Arealet ligg i område som i reguleringsplan er regulert til anna enn LNFR-område, eller som i arealdelen i kommuneplanen er lagt ut til bebyggelse og anlegg	
Kommunen stadfestar for alle tileigningar/kjøp: (må alltid fyllast ut)		
<input type="checkbox"/>	Overdraginga fører ikkje til deling av driftseining, jf. jordlova § 12 sjette ledd	
Namnet på kommunen	Dato	Stempel og underskrift

Rettleiing LDIR-356 N

Denne eigenfråsegna skal nyttast i kommunar med [nedsett konsesjonsgrense](#) og skal nyttast ved tileigning/kjøp både av bebyggd og ubebyggd eigedom.

Nokre kommunar har forskrift om nedsett konsesjonsgrense berre for delar av kommunen. Om forskrifta ikkje gjeld for det geografiske området kor eigedomen ligg, skal eigenfråsegn LDIR-360 nyttast (grønt skjema).

Er eigedomen bebyggd, er større enn 100 dekar eller har meir enn 35 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord, skal du også nytte grønt skjema. Dette gjeld dersom eigedomen ikkje er konsesjonspliktig kor skjema LDIR-359 skal nyttast.

Du kan vende deg til kommunen for å avklare om forskrifta gjeld for din eigedom, eller om du treng hjelp til å fylle ut skjemaet. Det samme gjeld om du treng hjelp til berekning av arealgrunnlaget. Du kan sjekke dette på internett: <http://gardskart.nibio.no/>

Meldinga skal kontrollerast og stadfestast av kommunen der eigedomen ligg. Deretter vil kommunen overføre opplysningane til Kartverket digitalt. Du vil få tilbake-melding når du kan sende heimelsdokumentet (skøyte, festekontrakt eller liknande) til Kartverket til tinglysing.

[Konsesjonslova av 18. november 2003](#) fastset at alle tileigningar/kjøp av fast eigedom og stifting av bruksrett for lengre tid enn 10 år kjem inn under konsesjonsplikt med mindre det er gjort unntak i lova eller forskrifter som er fastsette i medhald av lova. Som tileigning/kjøp reknar ein også tileigning/kjøp av delar eller partar i ein eigedom.

Ei tileigning eller eit kjøp er eit uttrykk for alle måtar ein kan få ein eigedom på; kjøp, arv, gåve osv. Konsesjon er eit løyve frå staten. Den som blir ny eigar av eigedomen, er tileignar/kjøpar. Overdragar er førre eigar.

Hovudregelen er at ein kan tileigne seg/kjøre bebyggd eigedom som ikkje er større enn 100 dekar og heller ikkje har meir enn 35 dekar fulldyrka/overflatedyrka mark, utan konsesjon, jf. konsesjonslova § 4 første ledd nr. 4. Det same gjeld mellom anna tomter som er regulerte til bustadformål, jf. konsesjonslova § 4 første ledd nr. 2. Overdraging frå nær familie er også unnateke frå konsesjonsplikt, jf. konsesjonslova § 5 første ledd nr. 1.

Konsesjonsfridommen etter desse føresegnene kan setjast ut av kraft ved forskrift, sjå punkt 4. Dette vil også gjelde leilegheiter som er omfatta av verkeområdet til forskrifta.

Konsesjonsplikt etter forskrift vil likevel ikkje oppstå dersom du forpliktar deg til at bygningane eller tomta blir brukt som heilårsbustad, anten av deg sjølv eller andre.

Til punkt 1

Er det fleire som tileignar seg/kjøper eigedomen saman, må kvar enkelt gi eigenfråsegn.

Til punkt 2

Nemninga til eigedomen (gnr., bnr., festnr. eller liknande) og i kva kommune eigedomen ligg, må alltid fyllast ut. Om du tek over berre ein sameigedel, skal det først opp kor stor del av eigedomen du tek over.

Til punkt 3

Før du fyller ut dette punktet, må du forvise deg om at konsesjonsfridommen for nær familie ikkje er sett ut av kraft. Du kan anten kontakte kommunen eller finne forskrifta via [kommuneoversikta](#). Er konsesjonsfridommen for nær familie sett ut av kraft, kan du ikkje nytte punkt 3, men må fylle ut punkt 4.

Du kan nytte punkt 3 om du tek over eigedom frå nær familie. Alternativet gjeld både bebyggd og ubebyggd eigedom.

"nær familie"

Det blir rekna som nær familie dersom du er ektefelle av den tidlegare eigaren, sambuar jf [arvelova § 28 a](#), eventuelt har teke over eigedomen i uskifta bu, eller er i slekt med tidlegare eigar eller ektefelle til tidlegare eigar i rett opp- eller nedstigande linje eller i første sidelinje til med barn av sysken (nevø/niese) eller er i svogerskap med tidlegare eigar i rett oppstigande linje.

Om kommunen har forskrift som er nemnd i punkt 4 A–C, og di tileigning eller ditt kjøp gjeld slik eigedom, er tileigninga/kjøpet konsesjonsfritt berre når ein eller fleire av tidlegare eigarar i nær familie samanlagt har hatt tinglyst heimel til eigedomen dei siste 5 åra. Døyr tidlegare eigar før 5-årsfristen er ute, gjeld konsesjonsfridommen på grunn av slektskap fullt ut.

[Kven kan eg tileigne meg/kjøre konsesjonsfritt frå?](#)

[Kven kan eg overdra konsesjonsfritt til?](#)

Du dokumenterer konsesjonsfridom ved å fylle ut punkta 1, 2, 3 og 6. Kommunen må stadfeste under punkt 7 at overdragaren har hatt tinglyst heimel til eigedomen i minst 5 år dersom tileigninga/kjøpet er omfatta av eit av alternativa i forskrifta.

Til punkt 4 A og B

Før du fyller ut dette punktet, må du skaffe deg greie på kva slags forskrift kommunen har. Du kan anten kontakte kommunen eller finne forskrifta via [kommuneoversikta](#). Har kommunen forskrift som set konsesjonsfridommen for bebyggd eigedom som er eller har vore i bruk som heilårsbustad, ut av kraft, jf. punkt A, kan du tileigne deg/kjøre eigedommen konsesjonsfritt berre om du forpliktar deg til at eigedomen skal nyttast som heilårsbustad anten av deg sjølv eller andre. Du kryssar då av i punkt 4 A nr. 1.

Har eigedomen aldri vore i bruk som heilårsbustad, kryssar du av i punkt 4 A nr. 2. Kommunen må då stadfeste i punkt 7 at eigedomen aldri har vore i bruk som heilårsbustad, og derfor ikkje er omfatta av forskrifta.

Om kommunen også har forskrift som set konsesjonsfridommen ut av kraft for eigedom med bygning(ar) som ikkje er teken i bruk som heilårsbustad, inkludert eigedom med bygning(ar) under oppføring i område som i reguleringsplan er regulert til bustadformål, jf punkt 4 B, må også dette punktet fyllast ut. For at tileigninga/kjøpet skal vere konsesjonsfritt, må du anten forplikte deg til at eigedomen skal nyttast som heilårsbustad ved å krysse av i punkt 4 B nr. 1, eller i 4 B nr. 2 krysse av for at eigedomen ikkje er omfatta av forskrifta. Kommunen må då stadfeste dette i punkt 7.

Kommunen må i begge tilfella også stadfeste at eigedomen ikkje overstig den konsesjonsfrie grensa.

Til punkt 4 C

Har kommunen forskrift som set konsesjonsfridommen for ubebygde tomter som er regulerte til bustadformål, ut av kraft, kan du nytte dette alternativet berre dersom du forpliktar deg til at tomta skal brukast til oppføring av heilårsbustad. Du kryssar då av i punkt 4 C nr. 1. Om tomta ligg utanfor slikt område, må du krysse av i punkt 4 C nr. 2, og kommunen må stadfeste dette i punkt 7.

Om tileigninga/kjøpet ikkje er omfatta av forskrifta, må du også fylle ut det punktet i 5 A–C som passar for at tileigninga/kjøpet kan skje konsesjonsfritt.

Til punkt 5 A og B

Om kommunen ikkje har forskrift som set konsesjonsfridommen for tomter ut av kraft, skal du nytte desse alternativa om du har teke over tomt(er) til bustad- og fritidsformål som kan byggjast ut med eitt hus med høgst to bustadeiningar.

Punkt 5 A gjeld tomter som ikkje ligg i område som i kommuneplan eller reguleringsplan er lagt ut til bebyggelse og anlegg. Dette vil i hovudsak gjelde tomter som ligg i område som i arealdelen av kommuneplanen er lagt ut til landbruks-, natur- og friluftsområde samt reindrift (LNFR).

Du dokumenterer konsesjonsfridomen ved å krysse av i punkta 1, 2, 5 A, samt 6.

Punkt 5 B gjeld tomter som i kommuneplan eller reguleringsplan er lagt ut til bebyggelse og anlegg, og der tomteinndeling er godkjend.

Du dokumenterer konsesjonsfridomen ved å krysse av i punkta 1, 2, 5 B nr. 1 og 2, samt 6.

I tillegg må kommunen stadfeste i punkt 7 at tileigninga/kjøpet er konsesjonsfritt, og at tileigninga/kjøpet ikkje fører til deling av driftseining.

Til punkt 5 C

Du kan nytte dette alternativet om du har teke over ubebygd areal som er regulert til anna enn landbruk, inkludert tomter til bustad- og fritidsformål som kan byggjast ut med meir enn to bueiningar.

Unntaket gjeld vidare alt areal som i kommuneplan er lagt ut til bebyggelse og anlegg. Det er eit vilkår for konsesjonsfridommen at du ikkje gjer bruksendring i strid med plan.

Konsesjonsfridommen skal du dokumentere ved å fylle ut punkta 1, 2, 5 C nr. 1 og 2 samt 6. I tillegg må kommunen stadfeste i punkt 7 at tileigninga/kjøpet er konsesjonsfritt, og at tileigninga/kjøpet ikkje fører til deling av driftseining.

Til punkt 6

Du må som ny eigar sjølv underskrive fråsegna, og du kan ikkje nytte fullmektig. For umyndige personar – personar under 18 år eller umyndiggjorde – må verja også skrive under. Om du gir uriktig fråsegn, kan du bli pålagt innan ein frist anten å gjere om overdraginga eller selje eigedomen til nokon som kan få konsesjon eller ikkje treng konsesjon. Om du oversit fristen, kan eigedomen seljast utan varsel etter reglane om tvangssal. Sjå konsesjonslova § 18.

Til punkt 7

Kommunen skal alltid undersøkje om tileigninga/kjøpet fører til ulovleg deling av driftseining, jf jordlova § 12 sjette ledd. Tileigninga/kjøpet kan ikkje tinglysast om det manglar stadfesting frå kommunen. Kommunen må vidare stadfeste at tileigninga/kjøpet er konsesjonsfritt.